



Arne Terje Haugland ved elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eg siterer Lasse Yri sittinnlegg 20. Januar:

“ Det vil heller ikkje øydeleggja for fisket i elva då det er strenge reguleringar for utslepp til elva”

Dette er ikkje overbevisande for meg, men eg vil gjerne få veta om det ligg slike vaskeanlegg som det som er tenkt på Døsslandsheio så nær ei elv som fører anadrome fiskeslag i eit dalføre som er i likheit med Uskedalen.

Vi som er interessert i å bevare ei "levande" elv og som følger med elva til alle årstider, veit at det siste åra har vore 3 uheldige hendingar frå naturens side som har ført til at det er lite fisk frå Musland og oppover:

1. Stengsel i Gravefossen etter flom
2. Stor utvasking i Flataskredene på Musland, på elvesida.
3. Ras ut i elva ved Friheim.

Ein må rekna med at der det har vore ras og stor utvasking ved flom har det kome mykje fint stoff ut i elva som har øydelagt 2-3 års produksjon av fisk. Det vil det ta fleire år å retta opp igjen.

Nemner at finstoffet er farlegast for fisken i nærheiten av der "uhella" skjer. Tenkjer da på jordras og flom. Faren for fisken minkar til lengre "stoffet" vert ført frå der "uhellet" har skjedd.

Kan dette vera eit svar på kvifor berre to tredjedelar av elva har vore fiskerik siste åra?

Ein annan ting er at Uskedalselva må ha store nedbørmengder for å vaska seg ut, i nedbørsfattige periodar er ho som ein sildrebekk.

Arne Terje Haugland